



MØTEPROTOKOLL ADMINISTRASJONSUTVALET

Møtedato: 07.02.2023
Møtestad: Kommunestyresalen
Møtetid: 10:00 - 11:30

Fast orientering frå HR-leiar.

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Hege Eide Vik	SP	Utvalsleiar
Kjartan Haugsnes	SV	Nestleiar
Boris Groth	FRP	Medlem
Erlend Hesjedal-Johannessen	H	Medlem
Thor Andersen	AP	Medlem
Heidi Rongved	AP	Medlem
Lillian Seim		Arbeidstakarrepr.
Marit Midtun		Arbeidstakarrepr.

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Nina Johnsen	Arbeidstakarrepr.	Anne Lise Bergo
Amalie Johnsen Lunde	H	

Andre møtande:

Atle Fasteland, Randi Solveig Pedersen, Rikke Haagenen

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
01/2023	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
02/2023	GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL
03/2023	REFERATSAKER OG MELDINGAR
04/2023	Gjennomgang av kommunen sitt behov for lærlingar i alle sektorer



Vaksdal kommune

05/2023

Inspel til debattheft II, 2023 - Mellomoppgjeret 2023



01/2023: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Administrasjonsutvalet 07.02.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

ADM - sak 01/2023 Vedtak/Tilråding:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

02/2023: GODKJENNING AV MØTEPROTOKOLL

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

Administrasjonsutvalet 07.02.2023

Behandling:

Samrøystes vedteke.

ADM - sak 02/2023 Vedtak/Tilråding:

Protokollen vert godkjent slik han ligg føre.

03/2023: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tekne til orientering.

Administrasjonsutvalet 07.02.2023



Behandling:

Samrøystes vedteke.

ADM - sak 03/2023 Vedtak/Tilråding:

Referatsakene vert tatt til orientering.

04/2023: Gjennomgang av kommunen sitt behov for lærlingar i alle sektorer

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

- Saka vert godkjend slik den ligg føre
- Vaksdal kommune auker godtgjersle for instruktørar til kr 950,- pr. mnd
- Vaksdal kommune søker om å verte godkjend lærebedrift i kontorfaget og i byggfaget.

Frå hausten 2024 søker vi etter lærlingar i desse to faga

Endringsforslag frå fagforbundet:

Fagforbundet foreslår at instruktørar for lærlingar får eit funksjonstillegg på 12.000,- i året.

Administrasjonsutvalet 07.02.2023

Behandling:

HR-leiar Randi Solveig Pedersen svarer på spørsmål.

Kommunedirektøren svarer på spørsmål.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak, punkt 1 og 3 vart samrøystes vedteke.

Fagforbundet sitt endringsforslag vart samrøystes vedteke.

ADM - sak 04/2023 Vedtak/Tilråding:

- Saka vert godkjend slik den ligg føre
- Vaksdal kommune søker om å verte godkjend lærebedrift i kontorfaget og i byggfaget.

Frå hausten 2024 søker vi etter lærlingar i desse to faga



Fagforbundet foreslår at instruktører for lærlingar får eit funksjonstillegg på 12.000,- i året.

05/2023: Inspel til debatthefte II, 2023 - Mellomoppgjeret 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Vaksdal kommune gjev følgjande innspel til KS sine 3 spørsmål:

1. Vaksdal kommune ønskjer at deler av den økonomiske ramma blir forhandla lokalt. På denne måten kan vi rette opp lokale utilsikta skjevheiter som har oppstått over tid. Det gjer oss også moglegheit til å gjer prioriteringar som er i tråd med lokal lønspolitik.
2. Vi ønskjer at det blir satt av lokal pott på 1 – 1,5% av den totale lønsmassen i kapittel 4.
3. Det er ønskeleg at alle får om lag like store tillegg, men at det blir gjort ei prioritering av sjukepleiarar og andre stillingar med krav om 3 årig høgskule. I tillegg ønskjer vi å prioritere leiarstillingar i kapittel 4 (stillingskode 7451, 7453 og 7951).

Tilleggsforslag frå Fagforbundet:

Den økonomiske ramma i mellomoppgjeret bør i størst mogleg grad forhandlas sentralt. Ein eventuell liten lokal pott kan brukast til å utjamne skeivhetar. Det er ynskjeleg at alle tilsette får omlag like store tillegg, og at oppgjeret blir fordelt med flatt kronetillegg. Lågtlønsgruppene blir prioritert, då det er her presset på kjøpekrafta har vert størst.

Tilleggsforslag frå Utdanningsforbundet:

Utdanningsforbundet ynskjer i hovudsak at lønsoppgjeret vert forhandla sentralt.

Tilleggsforslag frå SV:

1. Vaksdal kommune ønskjer at størst mogleg av den økonomiske ramma vert forhandla sentralt. Vi



er inne i dyrtid, og einaste moglegheiten for å løfte store lågtlønsgupper er å forhandle dette sentralt.

2. Vaksdal kommune ber om at noko av den økonomiske ramma vert forhandla lokalt. Då øymerka til ein lokal likelønspott.

3. Om ramma vert fordelt sentralt bør ein i år løfte lågtlønsgroppene, jfr. Punkt 1

Fellesforslag frå SV, SP, H, AP, Utdanningsforbundet og Fagforbundet:

Alternativ til innstilling:

1. Den økonomiske ramma i mellomoppgjeret bør i størst mogleg grad forhandlas sentralt. Ein eventuell liten lokal pott kan brukast til å utjamne skeivhetar. Det er ynskjeleg at alle tilsette får omlag like store tillegg, og at oppgjeret blir fordelt med flatt kronetillegg. Lågtlønsgroppene blir prioritert, då det er her presset på kjøpekrafta har vert størst.

2. Vaksdal kommune ber om at noko av den økonomiske ramma vert forhandla lokalt. Då øymerka til ein lokal likelønspott.

3. Om ramma vert fordelt sentralt bør ein i år løfte lågtlønsgroppene, jfr. Punkt 1

Administrasjonsutvalet 07.02.2023

Behandling:

Fagforbundet, Utdanningsforbundet og SV trekk sine tilleggsforslag.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak vart sett opp mot fellesforslag frå SV, SP, H, AP, Utdanningsforbundet og Fagforbundet. Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak fekk 1 stemme (FRP) og falt. Fellesforslag frå SV, SP, H, AP, Utdanningsforbundet og Fagforbundet fekk 9 stemmer (SV, SP, H, AP, Utdanningsforbundet og Fagforbundet) og vart vedteke.

ADM - sak 05/2023 Vedtak/Tilråding:

Alternativ til innstilling:

1. Den økonomiske ramma i mellomoppgjeret bør i størst mogleg grad forhandlas sentralt. Ein eventuell liten lokal pott kan brukast til å utjamne skeivhetar. Det er ynskjeleg at alle tilsette får omlag like store tillegg, og at oppgjeret blir fordelt med flatt kronetillegg. Lågtlønsgroppene blir prioritert, då det er her presset på kjøpekrafta har vert størst.

2. Vaksdal kommune ber om at noko av den økonomiske ramma vert forhandla lokalt. Då øymerka



Vaksdal kommune

til ein lokal likelønsnett.

3. Om ramma vert fordelt sentralt bør ein i år løfte lågtlønsgruppene, jfr. Punkt 1



Orienteringar:

HR-leiar Randi Solveig Pedersen orienterer om status lærlingar, debatthefte, sjukefråvær og utlyste stillingar.

Spørsmål:

Lillian Seim (Fagforbundet) kjem med Fagforbundet sitt syn på sakar som skal opp i Formannskapsmøte 07.02.23:

- Om Mandat for forprosjekt Stanghelle oppveksttun.
- Mandat for mogelegheitsstudie på Ny Dale barnehage og bustadar for funksjonshemma.
- Om rullerende opptak i barnehage.

Lillian Seim (Fagforbundet) ber om at sak om inngåelse av trepartssamarbeid blir tatt med på saksliste til neste møte i administrasjonsutvalet.